



STUDENT

PARLAMENTET

VED HØGSKULEN I VOLDA

Protokoll

Studentparlamentsmøte 26.04.2023

Tid Onsdag 26.04.23 kl 16.00-20.00.
Stad Konferanserommet, Rokken 2. etg.

Til stades med stemmerett: 9

AHL Sindre Rabben Tronstad, Veronica Bjørdal Sæternes
AKF Preben Rosenvinge
AMF Simen Vederhus, Simen Toverud
ASH Jenny Nystad, Marte Lohne
FRI Maher Othman, Joachim Selsbakk Hansen

Meldt forfall: Liza W. Nieuwenhuis, Sissel Elin Ruset

Til stades utan stemmerett

AU Trond-Fredrik Hoddevik (leiar), Andrine Kompen (velferd), Ronda Bekkevoll (info), Ammy Bolme (int.), Nikolai Skaug Kolstad (fag)
Ordstyrar Rikke Jenny Pettersen
Referent Marit Aklestad (organisasjonsrådgjevar)
Andre møtande -

Saksliste

Sak 64 – 22/23: Opprop og val av møteleiing	2
Sak 65 – 22/23: 1. Godkjenning av innkalling	3
Sak 65 – 22/23: 2. Godkjenning av saksliste	3
Sak 65 – 22/23: 3. Godkjenning av referat frå møte 29.03.23	4
Sak 66 – 22/23: Orienteringar	4
Sak 67 – 22/23: Revidering av stillingsomtalane til AU	5
Sak 68 – 22/23: Revidering av valreglement	6
Sak 69 – 22/23: Resolusjon om Studiebarometeret	7
Sak 70 – 22/23: Evaluering av Voldakortet	8
Sak 71 – 22/23: Bruk av gåvemidlar	9
Sak 72 – 22/23: Nytt AU – val av leiar 23-24	10
Sak 73 – 22/23: Nytt AU – val av fagansvarleg 23-24	11
Sak 74 – 22/23: Nytt AU – val av internasjonalt ansvarleg 23-24	12
Sak 75 – 22/23: Nytt AU – val av velferdsansvarleg 23-24	13
Sak 76 – 22/23: Nytt AU – val av nestleiar 23-24	14
Sak 77 – 22/23: Val av styremedlemmar SiVolda 23-24	15
Sak 78 – 22/23: Status, nye kontorlokaler	16
Sak 79 – 22/23: 2. høyringsrunde, NSO sine demokratiske organ	17
Sak 80 – 22/23: Eventuelt	18

Sak 64 – 22/23: Opprop og val av møteleiing

Namneopprop. 9 røysteføre, Studentparlamentet er vedtaksdyktige.

Val av møteleiing

Vedtak (samrøystes):

- Rikke Jenny Pettersen vart vald til dagens ordstyrar
- Organisasjonsrådgjevar Marit Aklestad vart vald til referent
- Nikolai Skaug Kolstad og Andrine Kompen vart valde til teljekorps

Sak 65 – 22/23: 1. Godkjenning av innkalling

Type sak: Vedtakssak

Vedtak (samrøystes):

Studentparlamentet godkjenner møteinnkallinga.

Sak 65 – 22/23: 2. Godkjenning av sakliste

Type sak: Vedtakssak

Vedtak (samrøystes):

		Dagsorden for studentparlamentsmøte 30.11.22	*	Saksansvarleg
16.00	00	Felles middag		Leiar
16.30	64	Opprop og val av møteleiing	V	Ordstyrar
	65	Godkjenningar: Innkalling, sakliste og referat	V	Ordstyrar
16.40	66	Orienteringar	O	Leiar
16.50	67	Revidering av stillingsomtalanene til AU	V	Nestleiar
16.55	68	Revidering av valreglementet	V	Nestleiar
17.00	69	Resolusjon om Studiebarometeret inn i kvalitetsutvala	V	Leiar
17.10	70	Evaluering av Voldakortet for studentar	V	Velferd
17.30	71	Bruk av gåvemidlar	V	Leiar
17.45		Pause		
18.00	72	Nytt AU: val av leiar	V	Internasjonalt
18.10	73	Nytt AU: val av fagansvarleg	V	fagansvarleg
18.20	74	Nytt AU: val av internasjonalt ansvarleg	V	Internasjonalt
18.30	75	Nytt AU: val av velferdsansvarleg	V	Velferd
18.40		Pause		
18.50	76	Nytt AU: val av nestleiar	V	Nestleiar
19.00	77	Val til SiVolda-styret	V	Fagansvarleg
19.30	78	Status for nye kontorlokaler, Studentparlamentet	O	Org.rådgjevar
19.40	79	2. høyringsrunde, NSO sine demokratiske organ	V	Leiar
	80	Eventuelt-sak: demokratitid		
20.00		Møtekritikk, møteslutt		

Sak 65 – 22/23: 3. Godkjenning av referat frå møte 29.03.23

Type sak: Vedtakssak

Vedtak (samrøystes):

Studentparlamentet godkjenner referatet frå sist møte i Studentparlamentet, 29.03.23.

Sak 66 – 22/23: Orienteringar

Type sak: Orienteringssak

Vedlegg: AU

AU orienterer om arbeidet i AU og kva som skjer i Studentparlamentet framover:

- **Sommaravslutning 5. mai.** Førebels 9 påmeldte. Skjema i fb-gruppa. Blir på klubbhuset Volda stadion.
- **Program overlapp.** Laurdag 6. mai blir det felles overlapp, skulering med gamalt og nytt AU. Sagafjord Hotell, Sæbø.
- **Landsmøte NSO.** 14.-16. april i Tønsberg. Delegasjonen frå Volda bestod av Trond-Fredrik, Nikolai, Maher og Joachim. Trond-Fredrik vald inn som 2. vara til sentralstyret i NSO. Trond-Fredrik og Maher på talarstolen.
- **Møte om bruk av Elvegata 22 torsdag 20. April.** Velferdsgruppa vil koordinere seg med Studentparlamentet om innspel. Fleirbruksareal. Nytt møte 10. mai.
- **Bygdeprideparade laurdag 15. Mai 2023.** Høgskulen går med eiga fane, håpar så mange som mogleg vil gå bak HVO si fane!

Info frå studentrepresentantar i råd og utval og tillitsvalde

- Dialogmøte med LMU. Få studentar gjorde at dei måtte utsetjast. Jobbar derfor med litt omstrukturering av arbeidet i LMU.

Info frå styret i SiVolda og Høgskulestyret

Info frå representantar i Studentparlamentet

Sak 67 – 22/23: Revidering av stillingsomtalanene til AU

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggar: Nestleiar Ammy Bolme

AU har gjennomgått stillingsomtalanene til AU og legg fram forslag om reviderte omtalar. Stillingsomtalanene beskriv arbeidsoppgåver og ansvarsområde til den enkelte i AU, samt for AU samla sett, og er del av styringsdokumenta til Studentparlamentet.

Saka vart lagt fram for debatt på førre møte, men vedtak vart utsett grunna at parlamentet ikkje var røysteføre på slutten av møtet.

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet vedtek forslaget til reviderte stillingsomtalar for AU

Debatt: ingen tok ordet.

Votering: AU sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Studentparlamentet vedtek forslaget til reviderte stillingsomtalar for AU

Sak 68 – 22/23: Revidering av valreglement

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggar: Nestleiar Ammy Bolme

AU la fram forslag om å leggje til ein ny paragraf 5 i valreglementet, i tråd med vedtak i sak 51/22-23, på møte 01.03.23. Det har ikkje kome inn endringsforslag til AU sitt forslag.

Saka vart lagt fram for debatt på førre møte, men vedtak vart utsett grunna at parlamentet ikkje var røysteføre på slutten av møtet.

Endringar i valreglementet krev 2/3 fleirtal i parlamentet.

AU sitt forslag til vedtak:

- 1 Studentparlamentet opnar valreglementet for endringar
- 2 Studentparlamentet vedtek framlagt endringsforslag med ny paragraf 5
- 3 Studentparlamentet lukker valreglementet med dei endringane som er gjort

Debatten:

- Bevisst på at vi no går inn for at medlemmane må vere student ved HVO, medan dagens reglar seier at studentane også kan velje personar til styret som ikkje er studentar
- Ikkje heldig å sitje i Oslo å vere styremedlem, er det tenkt å leggje inn krav om å vere i Volda?

Votering: AU sitt forslag til vedtak fekk desse røystene:

Punkt 1: **samrøystes**

Punkt 2: **vedtatt med 6 mot 3 røyster**

Punkt 3: **samrøystes vedtatt**

Vedtak:

- 1 Studentparlamentet opnar valreglementet for endringar
- 2 Studentparlamentet vedtek framlagt endringsforslag med ny paragraf 5
- 3 Studentparlamentet lukker valreglementet med dei endringane som er gjort

Sak 69 – 22/23: Resolusjon om Studiebarometeret

Type sak: Vedtakssak
Saksframlegg: Leiar Trond-Fredrik Hagemann Hoddevik

I etterkant av årets Studiebarometer og oppfølginga av resultatata, har AU konkludert med at parlamentet bør ha aktiv politikk på tematikken. AU legg difor fram resolusjonen «Ta studiebarometeret tilbake til klassene». Resolusjonen tek sikte på å avklare korleis Høgskulen og parlamentet skal arbeide med undersøkinga og resultatet.

Saka var oppe til debatt på førre møte, men vedtak vart utsett grunna at parlamentet ikkje var røysteføre på slutten av møtet.

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet vedtek resolusjonen om Studiebarometeret

Debatt: ingen tok ordet.

Votering: AU sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Studentparlamentet vedtek resolusjonen om Studiebarometeret

Sak 70 – 22/23: Evaluering av Voldakortet

Type sak: Vedtakssak
Saksframlegg: Velferdsansvarleg Andrine Kompen

Volda kommune etterspør studentars evaluering av Voldakortet i samband med at prøveprosjektet skal opp til evaluering i kommunestyret. I førre parlamentsmøte orienterte Nina Kvalen frå kommunen om saka.

I tillegg til ei spørjeundersøking som går ut til studentane, har AU utarbeidd forslag til høyringssvar.

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet godkjenner utkast av høyringssvar med dei endringane som kjem fram under diskusjonen. AU får gjennomføre grammatiske og redaksjonelle endringar.

Debatten:

- Klargjere kravet om butid ut studieløpet/minimum 2 år / innan dei siste to åra
- Parlamentet stilte seg positive til utkastet

Votering: AU sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Studentparlamentet godkjenner utkast av høyringssvar med dei endringane som kjem fram under diskusjonen. AU får gjennomføre grammatiske og redaksjonelle endringar.

Sak 71 – 22/23: Bruk av gåvemidler

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggjar: Leiar Trond-Fredrik Hagemann Hoddevik

AU har bearbeida vedtaket frå sist møte, og har landa på ei fordeling der 30 000 kr går til innkjøp av bordtennisbord (1 ute + 1 inne) og 20.000 kr til promovideo for studentorganisasjonar.

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet gir AU fullmakt til å fortsette prosessen med dei to forslaga som er nemnt over.

Debatten:

Bordtennis/biljard

- Er det nødvendig med bordtennis både ute og inne? Kjøpe først eit og sjå an bruken?
- Heller 1 bordtennis + 1 biljard
- Biljard-utstyret krevjer kanskje litt meir for å ivareta utstyret?
- Innandørs biljardbord krev ei permanent plassering
- Veret på Sunnmøre tilseier at utandørs bordtennis kanskje ikkje blir så mykje brukt
- Gå for eit innandørs bordtennisbord og heller flytte det ut når det er fint?

Promovideo

- Kjekt om jobben går til studentar
- Student-TV kunne gjort det, tipse dei slik at det blir spreidd blant deira studentar
- Studentar kan bruke kunnskap og tene pengar på eit faktisk oppdrag
- Lyse det opp som ein jobb med kravspesifikasjon. Kan dele jobben på 2, f.eks.
- Stor forskjell på kva studentar vil ta for ein slik jobb. Det kan skilje fleire titals tusen.
- Viktig med god info ut til studentorganisasjonane om prosjektet i god tid
- Spør mediestudentane kva dei treng av informasjon for å kunne søkje
- Visuell/informativ video. Korte klipp med og utan musikk.
- Set opp totallengde på filmen slik at ein får inntrykk av mengde jobb. 1,30 min? 3 min?
Max 20 sek. per organisasjon?
- Publisere den allereie 1. juli når dei nye studentane bestemmer seg for Volda
- Trengs kanskje ikkje publisere før 1. august
- Mange organisasjonar avsluttar semesteret sitt allereie no straks
- Påmeldingsskjema til studentorganisasjonane

Votering: AU sitt forslag til vedtak samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Studentparlamentet gir AU fullmakt til å fortsette prosessen med dei to forslaga som er nemnt over.

Sak 72 – 22/23: Nytt AU – val av leiar 23-24

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggjar: Leiar Trond-Fredrik Hagemann Hoddevik

Studentparlamentet skal velje leiar for komande studieår. Studentleiar er ein av 5 valte studentar i honorerte verv som står for den daglege drifta av Studentparlamentet. Vervet som leiar tilsvarar ei 50 % stilling.

Desse stilte til val: Ammy Bolme

Kandidaten fekk 3 min taletid til å presentere seg sjølv, og det vart opna for spørsmål.

Votering: urneval

Vedtak:

Ammy Bolme vart vald til leiar for Studentparlamentet for komande studieår, med verkeperiode 01.05.23-30.04.24.

Sak 73 – 22/23: Nytt AU – val av fagansvarleg 23-24

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggjar: Fagansvarleg Nikolai Skaug Kolstad

Studentparlamentet skal velje fagansvarleg for komande studieår. Fagansvarleg er ein av 5 valte studentar i honorerte verv som står for den daglege drifta av Studentparlamentet. Vervet er honorerert med 3 000 kr i mnd, 11 mnd i året.

Desse stilte til val: I første runde stilte ingen til vervet. I andre runde, stilte Preben Rosenvinge.

Kandidaten fekk 3 min taletid til å presentere seg sjølv, og det vart opna for spørsmål.

Vedtak:

Preben Rosenvinge vart vald til ny fagansvarleg for Studentparlamentet for komande studieår, med verkeperiode 01.05.23-30.04.24.

Sak 74 – 22/23: Nytt AU – val av internasjonalt ansvarleg 23-24

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggjar: Internasjonalt ansvarleg Ammy Bolme

Studentparlamentet skal velje internasjonalt ansvarleg for komande studieår. Internasjonalt ansvarleg er ein av 5 valte studentar i honorerte verv som står for den daglege drifta av Studentparlamentet. Vervet er honorert med 3 000 kr i mnd, 11 mnd i året.

Desse stilte til val: I første runde stilte ingen til vervet. I andre runde, stilte Maher Othman.

Kandidaten fekk 3 min taletid til å presentere seg sjølv, og det vart opna for spørsmål.

Votering: urneval

Vedtak:

Maher Othman vart vald til internasjonalt ansvarleg for Studentparlamentet for komande studieår, med verkeperiode 01.05.23-30.04.24.

Sak 75 – 22/23: Nytt AU – val av velferdsansvarleg 23-24

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggjar: Velferdsansvarleg Andrine Kompen

Studentparlamentet skal velje velferdsansvarleg for komande studieår. Velferdsansvarleg er ein av 5 valte studentar i honorerte verv som står for den daglege drifta av Studentparlamentet. Vervet er honorerert med 3 000 kr i mnd, 11 mnd i året.

Desse stilte til val: Preben Rosenvinge og Veronica Bjørdal Sæternes

Kandidatane fekk 3 min taletid til å presentere seg sjølv, og det vart opna for spørsmål.

Votering: urneval

Forslag til vedtak:

Veronica Bjørdal Sæternes vart vald til velferdsansvarleg for Studentparlamentet for komande studieår, med verkeperiode 01.05.23-30.04.24.

Sak 76 – 22/23: Nytt AU – val av nestleiar 23-24

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggjar: Nestleiar Ammy Bolme

Studentparlamentet skal velje nestleiar for komande studieår. Studentparlamentet vel nestleiar mellom dei 4 valte representantane i AU (informasjonsansvarleg, internasjonalt ansvarleg, velferdsansvarleg og fagansvarleg). Alle dei 4 kan stille som kandidat, og vervet som nestleiar kjem i tillegg til vervet ein allereie er valt til. Honoraret for vervet du har i botnen, blir erstatta med eit noko høgare honorar tilsvarande ei 20 % stilling.

Desse stilte til val: Ronda Bekkevold og Maher Othman

Kandidatane fekk 3 min taletid til å presentere seg sjølv, og det vart opna for spørsmål.

Votering: urneval

Forslag til vedtak:

Ronda Bekkevold vart vald til nestleiar for Studentparlamentet for komande studieår, med verkeperiode 01.05.23-30.04.24.

Sak 77 – 22/23: Val av styremedlemmar SiVolda 23-24

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggjar: Fagansvarleg Nikolai Skaug Kolstad

Studentparlamentet skal velje nye studentmedlemmar til styret i Studentsamskipnaden i Volda (SiVolda). Verva har vore promotert gjennom Studentparlamentet og SiVolda sine sosiale media, plakatar og på Canvas. Forutsetjing for å stille til val og inneha styreverv i SiVolda, er å vere registrert student ved Høgskulen i Volda.

Desse stilte til val i første valrunde: Joachim Selsbakk Hansen, Preben Rosenvinge

Desse stilte til val i andre valrunde: Sindre Rabben Tronstad stilte som 1. vara. Maher Othman stilte som 2. vara. Jenny Nystad stilte som 3. vara.

Kandidatar som stilte til val, fekk presentere seg gjennom ein kort valtale på 3 min., og det vart opna for spørsmål.

Votering: 2 faste styremedlemmar: valt ved akklamasjon. 3 varamedlemmar: valt ved akklamasjon.

Vedtak:

Nye styremedlemmar i SiVolda for studieåret 24-25, med verkeperiode 1 år frå 01.07.23:

Fast medlem 1: Joachim Selsbakk Hansen

Fast medlem 2: Preben Rosenvinge

Fast medlem 3: ledig verv. Studentparlamentet gjennomfører suppleringsval på første møte i studieåret 23/24

Varamedlem 1: Sindre Rabben Tronstad

Varamedlem 2: Maher Othman

Varamedlem 3: Jenny Nystad

Sak 78 – 22/23: Status, nye kontorlokaler

Type sak: Orienteringssak
Saksframleggjar: Organisasjonsrådgjevar Marit Aklestad

Det har lenge vore kjent at Studentparlamentet må flytte ut av sine lokaler i 1. etg. På BK når bokhandelen kjem flyttande. Studentparlamentet gjorde vedtak om å flytte til det tidlegare hustrykkeriet på møte 26.01.22, sak 25/21-22.

I etterkant har saka stått stille lenge, men no har AU fått tilsendt nye skisser, og skal ha nye møter med leiinga og Eigedom ved HVO denne veka for å tilpasse skissene til behovet og finne ei best mogleg løysing. Planen er at lokalet skal vere klart for innflytting til hausten.

Marit Aklestad presenterte dei nye skissene og den informasjonen vi har så langt for Studentparlamentet.

Sak 79 – 22/23: 2. høyringsrunde, NSO sine demokratiske organ

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggjar: Leiar Trond-Fredrik Hagemann Hoddevik

Leiar Trond-Fredrik Hoddevik presenterte saka der Norsk Studentorganisasjon har ute til andregangs høyring saka om deira demokratiske organ. Studentparlamentet har svart på første høyringsrunde. AU er innstilt på å svare på runde to også og legg ved følgjande utkast (vedlegg 9) som høyringsvar.

Forslag til vedtak:

Studentparlamentet godkjenner utkast av høyringssvar med dei endringane som kjem fram under diskusjonen. AU får gjennomføre grammatiske og redaksjonelle endringar.

Debatten:

- Dagens sentralstyre har 13 medlemmar, og har krav om ei viss geografisk spreing (5 regionar)
- Forslag 1. oppløyse sentralstyret og erstatte det med eit landsstyre bestående av alle leiarane i studentdemokratia
- Forslag 2. SST må få ei sterkare geografisk spreing
- Leiars rolle opp mot NSO gjennom året
- Parlamentet finn det vanskeleg å konkludere klart på det eine eller andre, og bed det nye AU saman med det avtroppande AU vurderer dette og landar på eit standpunkt ut i frå kva AU meiner vil gje Høgskulen i Volda best demokratisk innverknad på NSO.

Votering: AU sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt

Vedtak:

Studentparlamentet godkjenner utkast av høyringssvar med dei endringane som kjem fram under diskusjonen. AU får gjennomføre grammatiske og redaksjonelle endringar.

Sak 80 – 22/23: Demokratitid

Type sak: Eventuelt-sak
Saksframleggjar: Leiar Trond-Fredrik Hagemann Hoddevik

Leiar Trond-Fredrik Hoddevik presenterte saka om å innføre demokratitid

Forslag til vedtak:

Studentparlamentet er positive til å innføre «demokratitid», og bed AU arbeide vidare med konseptet i tråd med dei tilbakemeldingane som kom fram i debatten.

Debatten:

- Går for den ideen, kan bety veldig mykje for studentaktivitet, studentdemokrati
- Korleis få det til i praksis?
- Erfaringar frå Østfold: har studert der tidlegare. Terskelen for å engasjere seg vart lågare når ein hadde avsett tid.
- Unngå at det fører til at ordinær undervisningstid blir forskjøve til ugunstige tidspunkt
- Vinn-vinn-scenarior for høgskulen og studentane, få opp engasjementet blant studentane
- Hadde vore fantastisk med felles tid der det ikkje blir lagt undervisning
- Unngå måndag og fredag. Best etter lunsj. 14-16 kan vere fint. Gjerne 14-16 på onsdag.

Votering: AU sitt forslag til vedtak samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Studentparlamentet er positive til å innføre «demokratitid», og bed AU arbeide vidare med konseptet i tråd med dei tilbakemeldingane som kom fram i debatten.

Møteslutt kl 20.00